



Prost svein Arne Theodorsen vert sentral under gudstenesta 15. juni, men kjem ikkje til å framtre slik på preikestolen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Som ein del av 100-årshøgtida for Uskedal kyrkje, vert det 15. juni arrangert Gamaldags kyrkjesøndag.

Prost Svein Arne Theodorsen vil gjera teneste etter gamal liturgi.

Vi brukar gamle salmebøker.

Bjørgulv Eik frå Jubileumsnemda vil tenestegjera som klokkar

Ein viktig del av førebuinga er å få folk på kyrkjeveg.

Jubileumsnemda ser for seg ei folkevandring gjennom bygda denne dagen. Bilen står heime.

Vi går frå øvst idalen, frå Ljosnes og frå Steinsletto.

Folk vil koma roande frå Skorpo. Vert det for langt å gå,

kan ein sykla eit stykke (eller køyra bil), og gå det siste stykket mot kyrkja

Denne søndagen kler vi oss høgtidssamt, i mørke, gjerne gamle kle. Mannfolka som har hatt brukar hatten, kvinnene kan ha skjal over hovudet. Ein ber med seg tine eller korg til niste som ein et undervegs eller etter gudstenesta. Då vert det servert kaffi! Inne i kyrkja vert det gamaldags til gangs. Damene set på venstre sida i kyrkja og mennene til høgre!! Dersom noken har kunngjeringar er det høve til det på kyrkjebakken etter gudstenesta.

Vi tenkjer at dei med engst veg startar etter eit stipulert tidsskjema. Etter kvart kjem folk frå dei ulike gardane og grendene, og fylgjet veks (hugs å ta med ungane)! Det må bli svart av folk når vi møtest frå nord og frå sør, frå aust og frå vest, nede ved kyrkja!

Stipulert tidsskjema:

Øvre Musland	09.00
Nedre "	09.30
Haugland	10.00
Kjærland/Døssland	10.20
Myklebust/Fet	10.30

Ljosnes	09.30
Indre Rød	10.00
Ytre Rød	10.20
Korsnes	10.30

Steinsletto	09.45
Ytre Eik	10.00
Eikeelva:	10.15

Dette vert kjekkare di fleire som deltar.
Vel møtt alle uskedalingar, feriefolk og elles alle som vill!

Jubileumsnemnda